

# Årsmøtereferat Sandane Småbåtlag 02. mars 2020

Møtestad: Kantina Frydenbø Bilsenter

Møtestart: Klokka 19.00

Til stades: 12 frammøtte inkl. styret med unntak for kasserar Ola Arne Bolstad som hadde meldt sjukdomsfall.

Sakliste:

## **1: Opning**

Leiar Bjørn Inge Solheim ønskete velkommen og opna møtet.

## **2: Val av møteleiar, referent, og to til å skrive under møteboka**

Det vart gjort framlegg om Bjørn Inge Solheim som møteleiar og Jan Nik. Hansen som referent.

Dei vart samråystes valde.

Det vart gjort framlegg om Atle Jan Føleide og Edgar Kvernevik til å skrive under møteboka.

Dei vart samråystes valde.

## **3: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent.

## **4: Årsmelding**

Leiar las gjennom styret si årsmelding og opna for spørsmål.

Edgar Kvernevik var ein av dei frivillige mannskapa på Eliasbåten som dette året berre var i drift laurdagen. Han refererte til årsmeldinga der det står at SSL vil trekke seg frå samarbeidet med Sandane dagane på grunn av manglande oppfølging. Han opplyste at han hadde fått klage frå publikum på at Eliasbåten ikkje var i drift søndagen og antyda betre dialog med Sandane dagane.

Det var ingen andre kommentarar til årsmeldinga som vart samråystes vedteken.

## **5: Rekneskap, presentasjon og godkjenning**

Leiar gjekk gjennom rekneskapen i kasserar sitt fråvere. Det var ingen spørsmål eller kommentarar til rekneskapen som vart samråystes godkjent.

## **6: Medlemskontingent for 2020**

Styret sitt framlegg var å halde kontingensten uendra.

Samråystes vedteke

## **7: Innkomne saker**

Det var lasta ned og vist ein video på YouTube der ein produsent viser eit redningssystem til bruk i m.a. småbåthamner. Dette til informasjon for medlemmene. Etter utveksling av synspunkt vart det konkludert med at dette er ei sak styret kan arbeide vidare med.

Det var også reist spørsmål om kva forsikringa til SSL dekkjer dersom det oppstår skade på båtar som skuldast manglar ved hamneanlegget.

Ingen i styret kunne gje fullgoddt svar. Dette vert såleis ei sak styret må finne ut av.

## **8: Budsjett 2020**

Budsjettet er sett opp med ei samla inntekt på 262.500 kroner og med ei samla utgift på 238.000 kroner. Det gjev eit resultat på 24.000 kroner og eit budsjettet overskot på 15.500 kroner.

Budsjettet vart samråystes godkjent

Matpause

## **9: Val**

Valnemnda ved Geir Skaaden presenterte valnemnda si innstilling.

Leiar: Bjørn Inge Solheim attval for to år (på val i 2022)

Hamnesjef: Anders Gloppestad ikkje på val (på val i 2021)

Kasserar: Ola Arne Bolstad attval for to år (på val i 2022)

Sekretær: Jan Nik. Hansen attval for to år (på val i 2022)

Styremedl.: Jon Ingar Sørebø ikkje på val (på val i 2021)

Revisor: Øystein Sivertsen attval for eitt år (på val i 2021)

Første vara til styret: Rune Nordvik attval for eitt år (på val i 2021)

Andre vara til styret: Vidar Solheim ny, vald for eitt år (på val i 2021)

Valnemnd: Geir Skaaden attval, vald for eitt år (på val i 2021)

Frode Denk ny, vald for eitt år (på val i 2021)

Årsmøtet var slutt kl. 20:40

Referent: Jan Nik. Hansen

Atle Jan Føleide

Edgar Kvernevik